

# Stranda kommune

## Vass- og avløpsgebyr 2023

Vedteke av Stranda kommunestyre dd. mmmmm. 2022 med heimel i lokal forskrift om vass- og avløpsgebyr vedtatt 24.11.2021.

Kommunestyret vedtar årleg nytt gebyrregulativ i samband med budsjettbehandlinga.

---

**Tilknytingsgebyr** er et eingongsgebyr som skal betalast for tilknytning til kommunalt vass- og/eller avløpsanlegg.

Gebyret skal betalast ved tilknytning av:

- a) Tilknytning av eigedom.
- b) Tilknytning av eigedom som kommunen krev tilknytt.
- c) Eigedom med tilknytning som ikkje er godkjent.

For bustadar skal eingongsgebyret for tilknytning utgjere eit fast beløp per buening.

For næringseigedom skal eingongsgebyret for tilknytning utgjere eit fast beløp per brukseining som er tilknytt.

For kombinasjonseigedom skal det betalast gebyr for kvar del etter reglane over.

Tilknytingsgebyret skal være betalt før tilknytning.

---

**Årsgebyr** for vassforsyning og avløpshandtering er todelt:

**Abonnementsgebyr:**

Eit fast årleg gebyr for kommunens vass- og avløpstenester. Inntektene frå gebyret skal fortrinnsvis dekkje tenestenes kapitalkostnader. I 2023 forventast dette å utgjera ca. 35 % for vatn og 42 % for avløp.

**Forbruksgebyr:**

Blir fastsett anten etter faktisk vassforbruk eller stipulert etter størrelsen på bustaden. Stipulert forbruk reknast ut ifrå bruksareal multiplisert med ein faktor på 1,2 m<sup>3</sup>/m<sup>2</sup>. For fritidsbustad skal faktoren være 0,6 m<sup>3</sup>/m<sup>2</sup>. Bruksareal reknast etter NS-3940. Vatn- og avløpsgebyra reknast etter prinsippet vassmengd inn er lik vassmengd ut., For eigedom som berre har utandørs tappepunkt/vasspost stipulerast eit årsforbruk til 20 m<sup>3</sup>.

---

**Differensiert abonnementsgebyr:**

Abonnementsgebyret er differensiert ut frå brukskategoriar:

- a) Bustadeigedom og fritidsbustadar: per buening.
  - b) Eigarseksjonssameige med felles vassmålar i bygning kor det både er bueningar og brukseiningar med næringsverksemd: per brukseining.
  - c) Nærings-, kombinasjons- og landbrukseigedom: avhengig av vassforsyningskapasiteten til den enkelte eigedom, sjå tabell under.
- 

**Vassmålaravlesing:**

Abonnentar som har vassmålar betalar ein årleg leige for vassmålaren.

Alle vassmålarar som ikkje er fjernavlesne skal lesast av ein gong kvart år innan 31. desember. Målarstand skal rapporterast på vassmålar kort og sendast til kommunen elektronisk eller som brevpost.

---

**Gebyrreduksjon i medhald av forbrukarkjøpslova sine reglar om prisavslag**

Abonnenten har rett til reduksjon i gebyr ved feil eller mangel ved vassforsyninga i medhald av forbrukarkjøpslova sine reglar om prisavslag. Abonnenten har rett til redusert gebyr dersom ikkje-varsla avbrot i vassforsyninga varar i meir enn 24 timar. Vilkår for gebyrreduksjon er at mangelen skuldast forhold hjå kommunen, til dømes forureining i vasskjelde eller feil ved kommunalt anlegg. Krav om redusert gebyr må fremmast innan to månader etter at forholdet oppstod, dersom ikkje kommunen har fatta eige vedtak om gebyrreduksjon.

**Gebyrsatsar (alle satsar er inklusiv meirverdiavgift):**

		Vatn	Vatn	Avløp	Avløp
Årleg abonnementsgebyr (kr/år)	Eining/tal	2022	2023	2022	2023
<b>Bustadeigedom og fritidsbustadar</b>	<i>Per buening</i>	1.629	<b>1.794</b>	2.039	<b>2.365</b>
<b>Sameige m/felles vassmålar med både bu- og brukseiningar</b>	<i>Per brukseining</i>	1.629	<b>1.798</b>	2.039	<b>2.365</b>
<b>Nærings-, kombinasjons- og landbrukseigedom:</b>					
<b>Kategori 1 (0-300 m<sup>3</sup>)</b>	1	1.629	<b>1.794</b>	2.039	<b>2.365</b>
<b>Kategori 2 (301-1.000 m<sup>3</sup>)</b>	3	4.887	<b>5.381</b>	6.117	<b>7.096</b>
<b>Kategori 3 (1.001-3.000 m<sup>3</sup>)</b>	6	9.774	<b>10.761</b>	12.234	<b>14.191</b>
<b>Kategori 4 (3.001-6.000 m<sup>3</sup>)</b>	12	19.548	<b>21.522</b>	24.468	<b>28.383</b>
<b>Kategori 5 (6.001-20.000 m<sup>3</sup>)</b>	24	39.096	<b>43.045</b>	48.936	<b>56.766</b>
<b>Kategori 6 (20.001-50.000 m<sup>3</sup>)</b>	50	81.450	<b>89.676</b>	101.950	<b>118.262</b>
<b>Kategori 7 (50.001-150.000 m<sup>3</sup>)</b>	100	162.900	<b>179.353</b>	203.900	<b>236.524</b>
<b>Kategori 8 (150.001-500.000 m<sup>3</sup>)</b>	150	244.350	<b>269.029</b>	305.850	<b>354.786</b>
<b>Kategori 9 (500.001-1.000.000 m<sup>3</sup>)</b>	300	488.700	<b>538.059</b>	611.700	<b>709.572</b>
<b>Sprinklaranlegg</b>	<i>Per anlegg</i>	2.000	<b>2202</b>		

	Vatn	Vatn	Avløp	Avløp
Målt forbruk (kr/m <sup>3</sup> )	2022	2023	2022	2023
<b>Alle abonnentar</b>	12,34	<b>12.88</b>	12,01	<b>13.49</b>

	Vatn	Vatn	Avløp	Avløp
Tilknytingsgebyr (kr)	2022	2023	2022	2023
<b>Sats per buening/brukseining</b>	15.000	<b>10.000</b>	15.000	<b>10.000</b>

**Gebyrreduksjon i årsgebyret i medhald av forbrukarkjøpslova sine reglar om prisavslag:**

Årsgebyret reduserast med 0,3 % per påbegynte døgn utover det første døgn.

	Vatn	Vatn
Vassmålarleige (kr/år)	2022	2023
<b>Per måler</b>	400	<b>428</b>

**Oppmøtegebyr for avlesing av vassmålar:**

Dersom abonnenten unnlét å foreta ei avlesing i tråd med lokal forskrift og kommunen må foreta avlesinga: kr 1.000 per gong per vassmålar.

**Gebyr for avstenging og påsetting av vassforsyninga:**

Dersom kommunen føretek avstenging eller påsetting: kr 2.000 per gong per eigedom.

**Forfallsdatoar for kommunale gebyr:**

15. mars, 15. juni, 15. september og 15. desember.

**Dømer på gebyrutrekning****Stipulert forbruk - Fritidseigedom (90 m<sup>2</sup> BRA x 0,6 m<sup>3</sup>/m<sup>2</sup> = 54 m<sup>3</sup>):**

Vatn: 1.794 kr + (54 m<sup>3</sup> x 12,88 kr/m<sup>3</sup>) = 2.489 kr

Avløp: 2.365 kr + (54 m<sup>3</sup> x 13,49 kr/m<sup>3</sup>) = 3.094 kr

**Stipulert forbruk - Bustadeigedom (200 m<sup>2</sup> BRA x 1,2 m<sup>3</sup>/m<sup>2</sup> = 240 m<sup>3</sup>):**

Vatn: 1.794 kr + (240 m<sup>3</sup> x 12,88 kr/m<sup>3</sup>) = 4.885 kr

Avløp: 2.365 kr + (240 m<sup>3</sup> x 13,49 kr/m<sup>3</sup>) = 5.602 kr

**Målt forbruk - Bustadeigedom (120 m<sup>3</sup>):**

Vatn: 1.794 kr + (120 m<sup>3</sup> x 12,88 kr/m<sup>3</sup>) + 428 = 3.339 kr

Avløp: 2.365 kr + (120 m<sup>3</sup> x 13,49 kr/m<sup>3</sup>) = 3.984 kr

**Målt forbruk - Næringsseigedom (600 m<sup>3</sup>):**

Vatn: (1.794 kr x 3) + (600 m<sup>3</sup> x 12,88 kr/m<sup>3</sup>) + 428 = 13.538 kr

Avløp: (2.368 kr x 3) + (600 m<sup>3</sup> x 13,49 kr/m<sup>3</sup>) = 15.188 kr